

HAMSUN ATTENDE I SALTEN. TIÅRET DÅ ILLUSJONANE BRAST

Nordisk mellomfagstillegg, litterær oppgåve, UiO 1998

av Knut Michelsen

*"Det er bare den umiddelbare estetiske
nydelse som bringer oss til å forstå en
dikter eller en kunstner."*

(Peter Rokseth)

*"Hver den som eier virkelige evner i
retning av estetisk forfatterskap, har
bare godt av å opdras til litt faktiskhet
fra først av;..."*

(Francis Bull)

*"De fleste vil vel være enige om at det å
kjenne bakgrunnen for verket kan utdype og
berike opplevelsen,..."*

(Edvard Beyer)

Innleiing

Eg spurde ein gong ein hovudfagstudent i nordisk om ho skulle vera med på Hamsun-dagane på Hamarøya. Ho sat og las ei avhandling om Hamsun sine at-setningar og svara etter ei stund at nei det skulle ho ikkje. Det faglege innhaldet var vel ikkje overvettas. Nei men du kan få deg ein kveld med gardsguten til Hamsun, han lever enno og har mykje å fortelja til ein som elsker Hamsun. Men han kan vel ikkje seia så mykje om desse setningane her, svara ho lakonisk. Nei eg måtte seia meg samd i det.

Sidan kom eg i tankar om ei setning eg hadde lesi: "...at det er skjære hovmod - "ein Barer Hochmut"" - å ville begrense seg til selve teksten." På den andre sida: På desse tilstellingane for diktarkongen kryr det av falske Hamsun-ekspertar som knapt har lesi meir enn eit par romanar av han. Dess mindre dei veit dess skråsikrare er dei. Og dersom dei kan få til eit ordskifte om "for eller mot Hamsun sin nazisme", då rekk ikkje ein gong dei firefem dagane ein har.

Sjølve verket eller "udenværkene"? - som Asbjørn Aarnes siterer i "Mål og metoder i litteraturforskningen" (sitata over er óg henta frå denne boka). Hamsun si dikting og livet hans er så tett samanvevd at den historisk-biografiske metoden ikkje er heilt udugeleg. Dersom ein tek for seg artiklar, brev, biografiar og samstundes les romanane med innleving (og kanskje om att), vil ein motstandslaust danna seg ein vev av forståing som er noko anna enn t.d. ein rein psykologisk eller stilistisk studie. Men innvendingane er mange. Åja. Hamsun sjølv dempa òg medviten ned ting frå sitt eige liv då han gifta seg med Marie. Og ho seier sjølv ein stad at ho fann lite frå ekteskapet deira.

Når ein nyttar den historisk-biografiske metoden er det påfallande korleis Hamsun legg att ei eller fleire sider av seg sjølv i kvar einaste av dei sentrale romanpersonane (oftast mennene, kvinnene er meir stereotype). Det er ei stripe av Hamsun i både handelsmannen Theodor paa Bua, i kunstnaren og godseigaren Willatz, i oppkomlingen Holmengraa, i telegrafisten og (kvasi)kunstnaren Baardsen, ikkje minst i den føretaksame Geissler, i døgnfluga Brede Olsen, kan henda litt Isak (håpa han sjølv), Oliver snakkar som den gamle Hamsun, trøytt og kynisk. Desse personane er ikkje berre påfunn, dei er ein del av Hamsun sin personlegdom. Er det difor likegyldig at Hamsun sjølv var "handelsbetjent" i ungdomen, at han i mange tiår var ein oppkomling i den litterære verda, at han ofte kunne vera ein posør og bløffmakar, at han sjølv prøva seg som gardbrukar, at han kjende den nordnorske landsdelen med dei mange sermerkte og underlege språkformene ein kan finna der.

Mange utanlandske lesarar finn dei seinare romanane til Hamsun trøyttande og legg meir vekt på bøkene frå nittitalet (opplysning m.a. frå R. Ferguson). Kan det ha noko med at dei ikkje forstår komikken i det som Olaf Øyslebø i "Hamsun gjennom stilen" (jfr. litt.lista "Hgs",

s.292) kallar "den vidløftige tale eller språkbruk", nordlendingen sin hang til "det forfinede uttrykk" (misforståtte låneord). Kanskje Lars Manuelsen eller Benoni Hartvigsen ikkje er morosam på engelsk eller tysk. Korleis omset ein: "Hvissåskjønt at Dokker vil tækkes?" Eit "if" eller "wenn" her vil vera lite dekkande. Når Hamsun skriv at folk sit der som "et Ingenting" eller i "uhyre lutter Ensomhet" er det påfallande og ofte morosamt for alle. Men sit ein ein kveld i Salten med småbrukarar og fiskarar (og ikkje takkar nei til det som blir bydd ein av flaskefor og anna), finn ein fort ut kor Hamsun har henta førebiletet både for "det forfinede og misforståtte uttrykk" (når dei er usikre og edru) og (litt seinare på kvelden) for "den hyperbolske språkbruk".

Det er ikkje naudsynt å kjenna "Fiskeralmugen i Salten" (Hamsun sitt uttrykk til forleggaren sin), det er ikkje naudsynt for å forstå diktaren Hamsun, men det blir mykje meir morosamt, om det er ein akademisk føremon.

- - -

*"I min Tid liknet jeg mine Kamerater.
De har fulgt med Tiden, jeg ikke,
nu likner jeg ingen. Desværre. Gudskjelov."*
(Knut Hamsun)

Då Knut Hamsun flytta attende til Salten i 1911, var han ein kjend og feira, og omstridd forfattar. Dei samla verka hans var komne ut innbundne i grønt med gullbokstavar ("Samlede Romaner og Fortællinger, Folkeudgave", 1908-09). Han var den store sjeleskildrar og naturpoet. Mannen var litt over femti. Men denne ambisiøse diktaren var knapt halvveges i den fantastiske diktarkarrieren sin. Han hadde skrivi i over tretti år og skulle koma til å skriva i nesten førti til.

Bondeyrket, det var det Hamsun satsa på no. Han var lei det rastlause livet der ein slepte røtene etter seg frå land til land slik han seinare skulle skildra det i August-bøkene omlag tjue

år seinare (Landstryker-trilogien 1927-33). Eller frå stad til stad som vandrar-figuren i "Sult" (1890), "Mysterier" (-92), "Pan" (-94) og den uferdige Vandrar-trilogien ("Under Høststjernen" og "En Vandrør spiller med Sordin, 1906 og 1909). Vandraren hadde stana. Han såg seg ikring og lika seg om lag måteleg: "Hvis Teologerne inde i Kristiania har en Forening saa tilbyr jeg at komme ned og holde en liten Tale for dem om Nordland. Jeg skal heller ikke undslaa mig for Diskussion. (...) Men jeg kan i Tilfælde ikke komme før til Vaaren. Vel nok bor jeg sørpaa, men nu er jeg indesneet. Jeg har fem Mil ubrøytt Vej til Stationen. Og her er ingen Ren til Trækdyr." (Frå artikkelen: "Teologen i Æventyrland", Morgenbladet 1910, jfr. litt.lista).

Vandraren var for tida i Rondane og slik skriv han vidare til teologane som ikkje vil søka "Kald" nordpå: "Tromsø Stift er et Æventyrland. Det er et Æventyrland som Alverden rejser for at se. Ja om Sommeren, vil man svare. Ogsaa om Sommeren. Landet er det samme Aaret rundt, det er bare Varmen og Lyset som skifter, der blir en koldere og mørkere Tid - akkurat som alle andre Steder i Verden. Og Vinter som sommer er Tromsø Stift et Æventyrland."

Vidare: "I Tromsø Stift lever de elskværdigste Mennesker i Landet. Jeg er ikke helt ukendt med dem,...", og "dennord har han en Stjærnenat og et Nordlys som aldrig her. Og om Sommeren har han dette Vidunder av en enslig, en "glemt og overset" Flora,...", "Saa har han Uvejrstiderne naar Himmel og Jord blander sig og Evighetens Orgler bruser.", "Saa er det atter igjen igjen Sommeren, Solmiraklet hver Nat, den strømmende Fugleverden - ...".

Det er ikkje mykje regnvêr i verken "Pan" eller nokre av dei andre "nordnorske" romanane som kom ut like etter hundreårskiftet. Det er som ein einaste glans kviler over det nordnorske landskapet døgret rundt i sommarhalvåret: "En Féglans hvilte på denne Tid over Mark og Skog, Solen var gaat under og farvet Horisonten med et fett, rødt Lys som stod stille som Olje. Himlen var overalt aapen og ren, jeg stirret ind i dette klare Hav og det var som om jeg laa Ansigt til Ansigt med Verdens Bund..." (frå "Pan" s.10).

Bondeyrket ja. Bondeforaktaren i "Mysterier" med harselasen over Ola Nordstuen har snudd heilt om: "Ola Nordstuen er Fan danse mig ikke en Begyndelse engang, end si et Resultat av noget; han er ikke et Komma i den store Bok, men en Flæk i Papiret. Det er Ola

Nordistuen..." (Frå "Mysterier" s.47).

No skriv diktaren i ein artikkel i VG året før han flytta nordover: "I Byene bare lever jeg et kunstig Liv med Kaféer og Aandriheter og alskens Hjærnetull, men jeg er fra Jorden." (jfr. Skavland, s.281). Og i same avisa same året: "Av Norges Folk er Nordlendingen nu den minst moralsk skadede." Hamsun kritiserer dei som vil tena på turistane, i staden skulle vi "tappe vore Myrer, plante Skog, kolonisere det vældige Nordland", "Vi skal faa Hænderne op af Lommen igjen og begynde at arbejde", "Vi skal dyrke op Norges Land." (frå "Et Ord til os", VG og Politiken 1910, jfr. litt.lista). Og "vi" det er naturlegvis òg Hamsun sjølv.

Diktaren er no på full fart "attende til naturen". Forteljaren Knut Pedersen (og Hamsun sitt eigentlege namn) i "En Vandrør spiller med Sordin" fortrur no lesaren: "Jeg var blit forvansket av alle de Finheter jeg hadde faret med i mange Aar, jeg fik studere tilbake til Bonde." (jfr. Tore Hamsun sin biografi s.194). Og "Den sidste Glæde" (1912) åpnar med setninga, og det er den same Knut Pedersen som talar til oss: "Nu har jeg gaat ind i Skogene."

At det ikkje var nokon overila raptus fortel det faktum at dei tre fyrste kapitla var skrivi allereie i 1906 og prenta i tidsskriftet Samtiden same året. Forteljaren, og openbert forfattaren sjølv, vendar seg no: "Til dig, den nye Aand i Norge! Jeg har skrevet dette under en Pest for en Pests Skyld. Jeg kan ikke stanse Pesten, nei den er uovervindelig nu, den huserer under national Beskyttelse... Men engang stanser den nok. Imidlertid gjør jeg det jeg kan imot den..." Og vidare: "Men hvorfor har jeg skrevet netop til dig? Ja hvad tror du? Du vil jo ikke bli overbevist om den redelige Sandhet i mine Slutninger; men jeg skal tvinge endog dig til at forstaa at jeg er Sandheten nær. Da fraregner jeg Idioten i dig." (DsG, s.322).

Det er den moderne tida sin kynisme og materialisme Hamsun no går til åtak på. Det er "Sveitseraanden" som herjar verda. Folk har løyst seg frå banda til det sunne og groande livet, mista samanhengen mellom jorda og Bonden i seg sjølv. Bonden og jorda! Attende til eit meir ukunstla og einfelt liv. Det er Hamsun sin medisin mot pesten som herjar oss.

Hamsun kjøper den tidlegare lensmannsgarden Skogheim på Oppeid, ein av dei største

gardane i heimkommunen Hamarøy. Pris seks tusen kroner. Pengeverd i dag: om lag ein halv million kroner. Det var berre eit problem for Hamsun. Garden låg på nedsida av hovudvegen. Hamsun hadde folk på øvresida, jamvel "heimfødingar", menneske som skulle sitja i vindauga og sjå ned på han. Hamsun lika det ikkje . Det var ikkje slik han hadde tenkt det (jfr. m.a. "Regnbuen").

Mørketid og uvêr. Lat oss sjå på ekteparet Hamsun sitt fyrste møte med mørketida i Nord-Noreg. Det er frå "Regnbuen". Vi har inga andre skriftlege kjelder. Vi får tru at Marie Hamsun ikkje nett lyg sjølv om ho ofte kan vera overlag personleg:

"Første julen på vår egen gård. Det skulle bli en riktig ordentlig landsens jul med sylte og pølse, lefse og alle slags kaker. Vårt livs første julegris hadde ladet sitt liv. Juletreet skulle være furu. Visse narraktige personer fikk gran lenger sørfra, det var i det hele tatt alminnelig, mente Knut, å finne mangler ved Nordland og overse fortrinn. Han ville skrive en artikkel om det nå på flekken, han ble så passelig opplagt da han hørte om disse juletrærne sørfra. Lille julaften la jeg nestsiste hånd på juleforberedelsene og bakte fattigmann. Piken sto ved komfyren, og kunne ikke se om de ble gule eller brune oppi gryten. Da vi snakket om dagens hendelser om aftenen, sa jeg til Knut: I dag måtte vi henge lampen ved komfyren og brenne rundt, vi kunne ikke se oppi smultgr...

Han fór opp, jeg måtte si det om igjen, hadde jeg virkelig brent lampe hele dagen? Så hadde jeg altså ødelagt artikkelen hans. Han hadde sittet og skrapet sammen fortrinn. Kanskje det ikke var så mange, han hadde iallfall ingen å miste. Og nå hadde han skrevet at i hans hus, så og så langt nordenfor polarsirkelen, der hadde vi ennå aldri vært nødd om å brenne lampe døgnet rundt, men hvordan var det i Kristianitåken? Så dette med vintermørket i Nordland var meget sterkt overdrevet. Det hadde han skrevet. Men det ante jeg ikke.

Dagen etter, julekveld. Stumt og stille, min arme brennende lampe var verdens kullsvarte midtpunkt. Han lot meg være alene i stuen da kvelden kom, han hadde slått en sircel rundt seg, en stor sirkel, jeg holdt meg utenfor, det ble ingen julekveld hos oss. Vi hadde fått en julekaktus av Petrine, Georg Olsens kone, den sto midt på spisebordet og gråt blod, den var det eneste som sto der." (Rb s.184).

Marie hadde "ødelagt artikkelen hans". Etter kvart var det fleire ting i livet til Hamsun som skulle koma til å "løysa seg opp" som Geissler si tåke i "Markens Grøde". Eit halvt år seinare: Slik talar mannen som no skal "studere tilbake til Bonde", som skal byggja landet i nord, som skal grøfta og få hendene opp av lommene:

"Du (Marie, min merknad) lar meg gå her dag ut og dag inn og ha oppsyn med alle ting, med dine ting endog. Med griseføringen, med melsekkene på stabburet, med å stelle separatoren og påse at du smører den... får du aldri inn i ditt hode... Det haglet over meg." (Rb, s.175).

I eit brev frå diktaren til kona på same tida: "Som hjemme kunde det ikke gaa, det var det rene Helvede. Jeg kunde ikke arbejde (dvs. "skriva", min merknad), du brydde dig om ingenting..." (Rb, s.176). Han skriv frå Sortland, som no er blitt "Svartland" i forfattaren sine korte brev heim. Det er like ved Hadseløya i Vesterålen: "Dette Hadsel som er et av de herligste Steder i Nordland;..." (frå "Teologen i Æventyrland" tre år før).

Hamsun har reist frå Marie, sengeliggjande og sjuk, gravid. Ho karrar seg til Sortland der diktaren står på kaia og held på hatten i eit forrykande uvêr. Men på Kråkmo gard lenger inn i landet kan ho ikkje nå han! Det går nemleg ikkje veg dit. I året 1913 oppheld diktaren seg der i tida frå mai til august (jfr. Skavlan). Mai til august? Når skal bonden få grøfta myrer og dyrka landet om han ikkje skal gjera det om sommaren?

Vi byrjar ana konturane av ein parasitt. Eit menneske som får andre til å verkeleggjera dei skinnande ideane sine. Marie med spedbarnet i armane får no endeleg hjelp av ei syster. Familien har elles leigd hjelp, ein gardsgut og eit par andre tilfeldige frå bygda ikring:

"For svingende, Marie, du som ikke er nærsynt! sitter ikke han Marcelius på grøftekanten der ned og bare spytter? Og drengen støtter seg på spaden og ser på? Han har hengt enden nedpå ser jeg, han tok seg visst en rus i går, det er blåmandag -. Blåmandag? Skal jeg betale ham for å sitte og spytte. Jeg skal -! Med lange skritt fór han nedover jordet (dvs. Hamsun, min merknad.)

Litt etter gikk han Marcelius hjem for å holde blåmandag på egen bekostning - en

arbeider så blodspruten står av nese og munn! sa han. Men drengen gikk også. Og ingen av dem kom igjen - Børn av tiden i vårt lille private Segelfoss." Slik skriv Marie Hamsun i "Regnbuen" (s.184).

Om ikkje Marie forstod det, så står det etter mi meining klårt allereie i bøkene diktarmannen no heldt på å skriva: "Det er den moderne Tid, Far, sier Konsulen. Disse store Gaarder betaler sig ikke, de bare øder Eierens Kræfter. Det kan være for dem som fra Gammel Tid har oplagte Kapitaler at tære paa." (frå BT, s.71). Og vidare: "Skulde det ikke gaa? Jorden kastet intet av sig, neivel, et stort Jordbruk var bare til at utarme sig paa naar man ikke hadde god Raad." (BT, s.31). "Løytnanten kunde være paaholdende nok, men det gikk langsomt bakover med ham og Godset; han drev baade Gaarden og Teglværket som før, ja meget bedre end før, men Tiderne skiftet, det lønnet sig ikke mere." (BT, s.10). Willatz Holmsen og "hans nådige Husfrue Adelheid" hadde både guvernante og eigen lærar og mange tenestefolk i tillegg. På Skogheim går Marie i lange tider aleine med ei syster som berre har kosten.

Det er som Hamsun direkte kommenterer dei høgtflygande tankane sine i avisene nokre år før i "Segelfoss By": "Han (Sakfører Rasch, min merknad) kunde kjøpe sin Mælk paa Segelfoss Gaard han som alle andre; dette med at dyrke Norge op var vel og bra, men det lønnet sig ikke." (SB, s.107).

Ting lønner seg ikkje. Garden lønner seg ikkje. Og diktaren vil ikkje sjølv vera bonde. I "Brev til Marie" frå denne tida ser vi korleis bondelivet til Hamsun utviklar seg til nevrotiske hugselappar til kona der han sit og skriv på romanane sine milevis frå gard og buskap:

"Du maa ikke late Poteterne fryse. Naar Døren ved Petroleumsfatet skal stænges saa er det bedst at Ottar gjør det. Fatet maa nemlig løftes ned og Dørsprækken renskes før Døren gaar igjen. -" (BtM, s.143). Brevet er posta 20. oktober 1914 i Bardo! (dvs. i Troms fylke).

I eit anna brev: "1. Aakerbryterne holder vel paa? 2. Husk at luften Potetkjelleren! 3. Faa git op Turnipsbladene før de fryser! 4. Er Torvstrøet inde? 5. Hønsene her verper endnu! 6. Faa op de to Stenene vi brak istykker Slaamaskinen paa før Sneen skjuler dem! 7. Faa Smeden til at se paa Ovnene i Stuen! 8. Be Georg Olsen se paa Telefonen! 9. Er Blakka mager? Aa Herregud

det blir vel umulig for os med den Gaarden, den marver mig ut..." (Rb, s.191).

Stadene han skriv frå er mellom anna: Junkerdal, Saltdalen, Bodø, Harstad, og altså Kråkmo, Bardu, Sortland, og han kan vera i månader på kvar stad. Men kvifor går det dårleg med landet? Kvifor lønner ikkje ting seg lenger? Kvifor breier latskapen og masseturismen seg? Hamsun har nok spurt seg sjølv om det. Og gir svar i bøkene han no sit og skriv, ofte gjennom romanpersonane sine, men stundom òg ved ei provoserande og til tider resignert forteljarrøyst:

"Her var de moderne Arbeidsmennesker, de med Cykler og Vindjakker og dinglende Klokkekjæder, de staalsatte, de som gik til Bladet. De hadde allesammen Meninger, de visste sit Værd, ja det var i Grunden de som hadde Værd, for de var mange." (SB, s.25).

Hamsun si utsegn om "Kvindesagshyl og Arbeiderkrapyl" frå denne tida er allment kjend. Fleire provoserande utsegner om "Tidsaanden" og "Samfundsforholdene" er òg kjend frå artiklar og brev frå denne tida. Det er såleis ikkje å gå for langt om ein held det for rimeleg at det ofte er forfattaren si kritiske røyst som ytrar seg i desse samfunnskritiske romanane:

"Vi oplever ingenting imot det som dengang var. Handel og Vandel? Lapperier, Masser av gule Silketørklær. Vort Liv er vikt ut av Sporet, Hesten er uten Kusker, og da Hestene vet at det er lettere at trække nedover end op saa trækker de nedover. Ned med os, ned! Livet blir latterlig, hvad vi handler og vandler er til Klær og Mat, vi imiterer at leve. I gamle Dager var det den store Forskjel, det var Slottet og Ørkenen, nu er alt likt; i gamle Dager var det Skjæbnen, nu er det Daglønnen." (SB, s.62).

Arbeidarane i "Segelfoss By" gjer ikkje stort anna enn å fuska seg vekk frå arbeidet. Dei driv ikring og er "samfundskritiske" og "sosialistiske i Hodet". Det er tant og fjas, silketørkle og laustenner og "Daasemat" mens fisken går fin og feit ute i fjorden. Dei arbeider ikkje så "blodspruten står av nese og munn!"

Og Marie, ho var vel kanskje òg forgjort av den nye tida, av latskapen og narraktigheita:

"Og over alle Fordele raget den late og lette Husholdning imot før. Smør? Man kjærnet ikke Smør mere, man gik til Bua og kjøpte Pellerin. Stabburet og Skjaaen med Kjøtt, Flæsk og Fisk? Man vilde ta sin Død av Latter over den som endda holdt Saltmat. Det var i al Rimelighets Navn Mat i Daaser at faa, Daasemat. Den var færdig og kokt, den var ogsaa tygget, den var rede til at lægges i en Klut og gjøre Menneskeheten en taate av. Aa hvor de stakkars Koner i Stuerne hadde maattet slite med Husstellet før i Tiden imot nu! Hvad skulde Munden med Tænder mere? Pyntetænder hang jo paa Snor i Tandmakerens Butik og til selve Daasematen trængtes bare en Ske. Daasematen var endvider fersk, den virket lemfældig paa Folk som alt hadde faat Mavesaar av den. Var det saa ikke Opsving over hele Linjen?" (SB, s.33).

Når alt skal kjøpast er det klart at ting ikkje lønner seg lenger. Bergljot Goepfert, den fyrste kona til Hamsun, måtte vaska kleda i isråka om vinteren (frå R. Ferguson, s.195 o.a.). Men ho var frå overklassen og skilde seg seinare frå den stivbeinte diktarmannen sin. På Nørholm måtte Marie bada ungane i gamle tretrau. Ho protesterte, forgjort som ho vel var av den nye tida...

Men kva var løysinga på denne nivelleringa i menneskesinnet? Kva var botemeddelet? Hamsun har svaret. Willatz Holmsen har svaret, telegrafbestyrar Baardsen har svaret, Hr. Holmengraa har svaret, men tør ikkje:

"I denne Stund ønsket kanskje Hr. Holmengraa sin kraftige Matrosungdom tilbake. Det er ondt at være en gammel Mand, Hr. Holmengraa var hjælpeløs. Han fattet sig saa vidt at han fik sagt: I Eftermiddag skal de to Hundrede Sækkene være fyldte. Har du forstaat det? Det kan nok være at Konrad virkelig hadde forstaat det, men det gjorde ikke videre Indtryk paa ham, han brydde sig ikke om det. Han tok op et Lommetørklede og gav sig til at pusse Næsen idet han likegyldig gik forbi sin Herre." (SB, s.96).

Telegrafbestyrar Baardsen: "Vet vi forresten hvad vi blandes op til? Aristokraterne de er døde. For ikke mere end Hundrede Aar siden saa man endda op til Aristokraterne, nu er de ikke at

se, de er usynlige i Egnen, Medlidenheten maa lete dem op. Jeg vet ikke, Verden har kanskje godt av det slik, det rager mig ikke; men kanskje maa Spartacus overvindes igjen. Det er ikke umulig. Overvindes engang til. Det vil kanskje Verden ha bedre av." (SB, s.167).

Hr. Holmengraa veit svaret: "Deres Far var den rette (godseigar Willats Holmsen den 3., min merknad). Jeg maa tænke paa ham mere end en Gang, ham og hans Hest. Pekte han saa lystret hans Folk -" (SB, s.225). Men arbeidarane lystra ikkje og Ung Willatz Holmsen, komponisten, kunstnaren og godseigaren handlar: "Et Øyeblik! sa han og vendte om. Nu gaar han tilbake og han tar sin Hansker saa sagte av mens han gaar. Der kommer Maagen! sa Aslak, lat os hilse paa Maagen! sa han. Willatz gaar bort til ham, et Strek lyner i Luften og Aslak ligger der. Hvad - slog han med Manual? Aa Gud for en Næve, raa og engelsk, intet Skrik fra Ofret, men et Søkk i ham, Undergangen." (SB, s.231).

Hamsun lika ikkje engelskmenn, men han hadde lite imot dei aristokratiske metodane dei nytta for å halda vanlege folk i sjakk.

Men alt er vel ikkje berre mørkt for ekteparet Hamsun i desse åra? Marie festar seg til garden, akkurat slik man vel plar gjera til det ein arbeider med og har omsut for: "Jeg grep til mors sparemetoder. Nå når Knut var borte, solgte jeg det smøret jeg kjernet hver uke og brukte margarin i stedet, jeg laget ost selv, bakte potetkake, sydde klær til gutten av gammelt. Jeg var som en seierherre når jeg fikk knepet inn en tyve-tredve kroner på husholdningsregningen.

Imens sendte Knut kasser hjem med sydfrukter, leker til Tore, hunder som gjødde og dukker som pep og biler som raste rundt. Og silke og fløyel "til min Elskede når hun blir smal igjen." (Rb, s.205). Dersom ein søkjer ein samanheng mellom liv og lære, skal ein leita andre stader enn hos Knut Hamsun. Då kan låtten (og sinnet) fort taka ein.

Alle som ikkje driv jorda i denne landsdelen, i dette "Æventyrland som Alverden reiser for at se", som står i butikk eller arbeider på staten sine anlegg (telefon- og straumliner), som tener ein skilling ved å skyssa ein turist eller hyra ut rom for nokre veker, alle er dei smitta av

pesten, "Sveitseraanden". Og slik skriv ein mann som er i ferd med å skriva seg styrtrik på eventyrromanar frå same landsdelen.

Men skrivearbeidet gjer han hudlaus og irritabel. Allereie midt i arbeidet sitt med "Segelfoss By" gir han Marie beskjed før han kjem heim til familien: Han "måtte ikke blandes opp i noe - husk det, kjære Marie. (Rb, s.211). Og dette "noe", det var arbeidet på garden og alt som hadde med det å gjera. Marie har no tre barn. Ho har hjelp på garden, men hovudansvaret er hennar.

Boka "Markens Grøde" står i ei særstilling blant Hamsun sine bøker. Nett fordi ho er så positiv på alle måtar (frårekna den polemiske delen om barnedrapet). Det er som om Hamsun tyner ut dei siste dråpene av dei gamle illusjonane sine frå hundreårskiftet, draumen om eventyrlandet, om det heilstøypte menneske i kamp og pakt med allnaturen:

"Der gaar Isak og saar, intet andet end en Kværnkall av Skikkelse, en Kubbe. Han gaar i hjemmevirkede Klær, Ulden er av hans egne Sauer, Støvlerne av hans egne Kalver og Kjyr. Han gaar religiøst barhodet mens han saar, øverst opi Hodet er han snau, men eller skammelig haarrik, det staar et Hjul av Haar og Skjæg om hans Hode. Det er Isak, Markgreven." (...) "Han er Markbo i Sind og Skind og Jordbruker uten Naade. En Gjenopstanden fra Fortiden som peker Fremtiden ut, en Mand fra det første Jordbruk, Landnamsmand, ni Hundrede Aar gammel og igjen Dagens Mand." (MG, s.227, del2).

Men dette er ikkje skrivi i Nord-Norge. Hamsun har selt garden med rubb og stubb: "Så var det som han løsnet fra alt sammen, jeg merket uroen i ham, han var vel alt på svøm sørover. En tidlig vårdag 1917 forlot vi Hamarøy. De to pikene våre fulgte med sørover, for vi var jo blitt mange på disse seks årene. Tore var fem år, Arild tre, Ellinor halvannet, og jeg ventet en baby om en måneds tid. Jeg gjorde ikke som Lots hustru og så meg tilbake. Jeg så heller ikke frem, det var som et fundament var rast sammen for meg." (Rb, s. 213).

Når ein tek i bruk den historisk-biografiske metoden som eg har gjort i denne oppgåva, må ein vera yttarst varsam med kva for romanpersonar ein samanliknar forfattaren med. Isak i

"Markens Grøde" er berre eit ideal for Hamsun. Personen Hamsun byggjer ikkje opp nokon gard frå grunnen. Han kjøper seg ein illusjon han knapt er i stand til å betala for.

Den driftige Geissler har meir av Hamsun sine trekk ved seg, alltid på farta, alltid på jakt etter utveggar og fiffige prosjekt: "Jeg er altsaa en Mand som vet det rette, men gjør det ikke, sier Geissler. Det skal forstaas bokstavelig. Jeg er Taaken." (MG, s.233, del2).

Men den lite omtalte Brede Olsen i boka er nok Hamsun si onde ånd, skuggen som følgjer han heile livet, døgnflueskapnaden som ikkje er tilfreds med noko i livet og sleper røtene etter seg frå stad til stad:

"Brede blir rørt: Det er jo underlig at tænke paa at forlate et Sted som jeg har levet paa og strævet paa og faat kjært; men hvad Raad er det med det naar at det er saa beskikket." - "Men nu stikker nogen Herrer Hoderne sammen ved Lensmandens Bjord, der sitter en Repræsentant for Banken, Handelsmanden er møtt ved sin Betjent, noget er kommet paa, Kreditorerne er ikke dækket. Brede blir kaldt til, og Brede, let og sorgløs, nikker bare at javel han er enig, men hvem kunde ha trodd at det ikke blev mere for Gaarden! sier han. Og plutselig forkynder han høit til alle: Efterdi at vi nu har Auktion korsom er og at jeg har brydd Lensmanden hit saa vil jeg sælge det jeg har her: Kjærren, Dyrene mine, en Greip, Slipestenen, jeg faar ikke Bruk for det mere, jeg sælger Rub og Stub!" (MG, s.9 og 11, del2).

Både Einar Skavlan og Tore Hamsun (i biografiane sine) kolporterer ei sanning som er mindre enn ei halvsanning når dei svarar på spørsmålet om kvifor Hamsun fór sørover att etter berre seks år nordpå. Det var ikkje meir å dyrka opp, seier dei begge. Garden var for liten. Det måtte eit Nørholm til for Hamsun. Men Hamsun dreiv ikkje den garden heller. Ikkje som gardbrukar. Men som eigar, godseigar. Han hadde no nemleg det han vanta på Hamarøya. Pengar, masse pengar. Frå Nobelprisen i Stockholm 1920.

Mange venta no at Hamsun skulle bli den store diktaren om bondelivet i den moderne europeiske litteraturen (jfr. Beyers "Norsk Litteraturhistorie s.267). Men det var eit stort mistak. Beyer skriv vidare: "I "Konerne ved Vandposten" (1920) tegner han med dyp

menneskeforakt og etsende vidd et bilde av et sladderaktig og lurvet samfunn; hovedpersonen er en "maroder", men yttarst vital pusling, en fusker og selvbedrager..."

Det fins ikkje eit teikn til oppdrift i denne boka. Desillusjonane kjempar om plassen på kvar bokside, dei står formeleg i kø og let etter seg eit mørke som berre blir lyst opp av Hamsun sine mange språklege lykketreff (som han kallar det sjølv):

"Da slog Oliver op en stor Latter over Morns urimelige Tale: Nei nu skal du tie stille!

Hahaha, nei nu skal du Herren fryde mig snakke Resten med dig selv!

Om en Tid var det atter ikke Fisk til Poteten og ikke Ved til Ovn. Det hadde været en enkelt Utrorsdag iblandt, men Oliver passet ikke paa, og Dagen efter røk Vaagen igjen, ja Uveiret øket heller end avtok. Hvad var Meningen med det hele? Himlen var uten Naade, aldrig hadde det tordnet saa grovt over Byen. Oliver kastet sig fra Stol til Stol i Stuen og laa lange Stunder og duset og sov ved Bordet med Armene under Ansigtet. Han kunde nu og da lange ut efter Katten med sit Træben. En Dag kom han sig op paa Stuetaket." (KvV s.41).

Og knappe ti år etter dei store vyane om å "kolonisere det vældige Nordland" og "dyrke op Norges Land" og kjempa mot pesten og "faa Hænderne op af Lommen igen" så sluttar han denne boka med desse linene:

"Der hinker han hjemover. Han er noget maroder, litt ufuldkommen av sig; men hvad er fuldkomment! Livet i Byen realiserer sit Billede med ham, det kravler, men det er like travlt for det. Det begynder om Morgningen og varer tilkvælds, saa lægger Menneskene sig. Og somme lægger sig under en Pressenning. Smaat og stort sker, en Tand av Munden, en Mand ut av Rækkerne, en Spurv til Jorden."

Litteraturliste (med evt. forkortingar):

(Den meir generelle teoretiske litteraturen i pensumlista som eg ikkje viser til, har eg ikkje teki med her).

Harald og Edvard Beyer: "Norsk litteraturhistorie", Aschehoug 1978

Robert Ferguson: "Gåten Knut Hamsun", Dreyer 1988

Marie Hamsun: "Regnbuen", oppr. Aschehoug, 1953, Den norske Bokklubben, 1974 = Rb.

Tore Hamsun: "Knut Hamsun som han var" (brev), Gyldendal 1956

Tore Hamsun (red.): "Brev til Marie", Aschehoug 1970 = BtM

Tore Hamsun: "Knut Hamsun" (biografi), Gyldendal 1976

Hoftun og Tobiassen (red.): "Mål og metoder i litteraturforskningen" (antologi), Gyldendal 1969

Einar Skavlan: "Knut Hamsun" (biografi), Gyldendal 1929

Olaf Øyselbø: "Hamsun gjennom stilen", Gyldendal 1964, = Hgs

Bøker av Knut Hamsun eg viser til og kva for utgåve eg har brukt (kronologisk):

"Mysterier" (1892), Gyldendal 1934 ("Samlede verker" 1934)

"Pan" (1894), Gyldendal Lanterne 1968 (eg har retta til gamal skrivemåte)

"Den sidste Glæde" (1912), Gyldendalske Boghandel 1912 = DsG

"Børn av Tiden" (1913), Gyldendalske Boghandel 1931 = BT

"Segelfoss By I-II" (1915), Gyldendalske Boghandel 1915 = SB

"Markens Grøde" (1917), Gyldendalske Boghandel 1917 = MG

"Sproget i Fare" (1918), Gyldendalske Boghandel 1918 = SiF

"Konerne ved Vandposten" (1920), Gyldendalske Boghandel 1920 = KvV

"Artikler 1889-1928" (red. Francis Bull - 1939), Gyldendal 1965